



IL Fanaråk

ÅRSMØTE 2015

IL FANARÅK

5.FEBRUAR 2016, FJORDSTOVA

KI 19.00

Hovedsponsor



Luster Sparebank



ÅRSMØTE IL FANARÅK 2015

Torsdag 5.februar 2016 kl 19.00 - Fjordstova

Sakliste:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Val av møteleiar og sekretær
5. Val av to til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmeldingar frå undergruppene
8. Rekneskap/budsjett
9. Krisehandteringsplan
10. Innkome saker
11. Val

Servering

Styret IL Fanaråk

ÅRSMELDING FOR IL FANARÅK 2015

IL Fanaråk består av eit hovudstyre og 8 undergrupper. Styret er samansett slik:

- Anders Fortun (leiar)
- Evi Katrine Solhaug (nestleiar)
- Jakob Øygard (kasserar)
- Mona Bukve (sekretær)
- Hans Arvid Skagen (styremedlem)
- Anne Marie Bolstad (styremedlem)
- Anja Skagen (vara)
- Torill Neverdal (vara)

Undergruppene

- | | |
|---------------------|----------------------------|
| 1. Fotball | Arild Paulsen (leiar) |
| 2. Trim/friidrett | Silvija Apeinãne (leiar) |
| 3. Ski | Sigfrid Myklebust (leiar) |
| 4. Volleyball | Lena Stai Bolstad (leiar) |
| 5. Barneidrett/dans | Anne Helen Natvik (leiar) |
| 6. Friskis | Anne Marie Bolstad (leiar) |
| 7. Klatring | Arne Olav Skagen (leiar) |
| 8. Innebandy | Lindar Langeback (leiar) |

Forutan banenemnd, hyttestyre, representant til Sognefjellet Sommarskisenter, revisorar, valnemnd og utsendingar til Luster idrettsråd; Anders Fortun og Mona Bukve

Økonomien i laget er framleis god. Ein av grunnane til det er talet på sponsorar.

Årsmelding styret 2015

Siste åra har me hatt auke i medlemstala våre. I 2015 gjorde me eit stort hopp og har no 257 medlemmar. Dette er kjempflott og med på å bidra til at me kan halde oppe aktiviteten.

I 2015 har styret hatt 3 styremøte der det har vore handsama tilsaman 17 saker. I tillegg har det vore fleire møter i dei enkelte undergruppene med og utan representantar frå hovudstyret og ulike arbeidsmøter. Styret har no ansvaret for Fanaråken opp og har gjennomført arbeids- og organiseringsmøter i samband med dette. Som tidlegare år har me avhalde årsmøte, basar og delteke med frivillige på samarbeidsprosjektet Sognefjellet sommarskiskule. Sognefjellet sommerskisenter som IL Fanaråk eig aksjar i har hatt ein god sesong.

Gjennom 2015 jobba me saman med Skjold 4H og Skjolden bygdelag om aktivitetsstaden i Moane. Det er kjøpt inn 5 apparat, laga sandkasse, ca 200 meter med gang-/sykkelsti og innkjøpt bord og benk. Under Kulturdagane stod Yngvar Andersen for opninga og viste oss korleis ein kan nytte ein slik stad til trening og leik for alle. Anders Bolstad har vore hjelpsam i arbeidet og gjeve oss løyve til å nytte eigendommen hans til trimløype. Kjell Arvid Eide stod for gravinga og var hjelpsam med å skaffe massar og hjalp til på dugnadar. Toralf Midtun stod for sandkassen og støypinga og vil setje opp grillhytte og reparere slika. Tusen takk til dei alle.

Når det gjeld Fanaråken opp var ikkje værvarslinga heilt på vår side og talet på trimmara som melde seg på løpsdagen gjekk noko ned. Det var 157 aktive og Johan Bugge frå Eidsvåg IL sprang inn på ny bestetid 56.46. 208 trimmarar deltok. Økonomisk blei det likevel eit godt arrangement for idrettslaget. Skogstad sport sponsa alle funksjonærar med eigen jakke, til bruk i år og framover. Så 6.august 2016 håpar me både funksjonærar og deltakarar er klare for ein ny motbakkefest! Jakken var veldig populær og folk er flinke å bruke det utanom løpsdagen og, dette er god reklame.

Det var i år 28 personar som gjennomførte Sognefjellsmarsjen. Det var ingen deltakarar frå Krossbu. Ein har derfor komme til at me prøver eit år med berre start frå Herva. Einar Skagen har i mange år vore ansvarleg for Sognefjellsmarsjen saman med Anders. Han ar no valt å trekke seg og me takkar han for mangeårig engasjement. Ny ansvarleg er Anne Marie Bolstad.

Nissemarsj gjekk av stabelen 13.desember. Godt oppmøte og eit fint fakkell- og lyktetog rundt Hauge. I år var premien ei blå IL Fanaråkhue.

Idrettslaget har dette året hatt utviding av lysløypa i Hestahagen som prosjekt. Mykje er gjort og det står att ein del. Me gler oss til løypa kjem i drift. Me har og etter innspel på

årsmøte i februar jobba med å finna løysingar på løypekøyninga. I januar 2016 er ny trakkemaskin på plass.

Takk til Jonny som har organisert og selt Bjønnaposten og Heidi og Per Ove som var med å selde.

Så vil me nytte høve til å takke medlemmar, frivillige i gruppene, funksjonærar og sponsorar for 2015. Det er kjempeflott at de stiller opp for å skape fysiske og sosiale møtestader for oss!

1.februar 2015

Anders Fortun

Årsmelding fotballgruppa 2015

Me starta med miniputt treningar i Luster seint i mars, fortsette med treningar som vanleg annakvar gong Skjolden-Luster. Treningar 2015 sesongen var: Knut Vidar Svaneld/John Rolf Bjørnevåg, for dei eldste. Jan Frode Bolstad for gruppa i midten, og Arild Paulsen for dei minste. Eigne trenarar i Luster. Har i 2015 delteke på 4 turneringar, 2 før og 2 etter sommarferien. Gaupne, Kaupanger, Hafslo og tilslutt inne i hallen i Sogndal i september. Har stilt både reine jente/gutelag, og blanda lag.

Dei litt eldre har spelt fast 2 gonger i veka ute på bana om sommaren, og inne i hallen på Fjordstova om vinteren. Antallet spelarar har variert frå 5-6 til 15-16, med alder frå 12-13år til over 50.

Klypping av bana vart i 2015 gjort av Martin Midtun

Ei stor takk til alle trenarar, lagleiarar og dugnadsfolk for arbeidet i 2015.

Arild Paulsen

Fotballgruppa

Årsmelding trim 2015

I 2015 vart det seld 84 turkort (inntekt 4200 kr). Det vart levert inn att 69 kort. Desse 66 greidde gullkravet, og 13 personar var innom alle 23 postane.

5 personar greidde gullkravet for første gang.

I år har vi

5 bronsemerke (5xgull)

7 sølvmerke (10xgull)

30-års plakett: Marta Marie Bukve

Sverre Bukve

40-års plakett: Kjartan Kvien

Arne Fuglesteg

I 2015 har vi registrert 4 nye deltakarar. I sommar har vi bytta postkasse på Helgedalsnosi.

I 2016 må vi organisere rydding og merking av alle stiar/postar. At ein fordeler ansvaret på fleire. Kanskje ein ny post på Bolstadmoen?

I 2015 har vi organisert Fotokonkurransen Ut på tur. Den har vore inndelt i 3 aldersgrupper. 129 bilder kom inn av 27 personar.

Født 2004 eller seinare: 8 bilder innsendt av 3 personar

1996-2003: 32 bilder innsendt av 3 personar

Født 1995 eller før: 89 bilder innsendt av 21 personar.

Det var ein bra sesong med 9186 registrerte besøk på postane.

Silvija Apeināne

Årsmelding ski 2015

Det blei gjennomført 7 karusellrenn i 2015, med totalt 55 deltakarar. På grunn av dårleg vær vart avslutninga flytta til Kruklaog i staden for i Turtagrø. Her blei det delt ut huer og drikkebelte til deltakarane. Skigruppa grilla og det var kjekk leik som avslutning.

Sigfrid Myklebust

ÅRSMELDING FOR VOLLEYBALLGRUPPA 2015

Styret har i 2015 bestått av Wenche Weka, Kjersti Ormberg og Lena Stai Bolstad

I 2015 gjennomførte me 20 treningar innandørs, 14 på våren og 6 på hausten. Dei var på Fjordstova på søndagar kl 18.00-19.30. Treningane har vore opne for alle frå 8. klasse og oppover. Det har og vore gjennomført tre organiserte treningar på sandvolleyballbanen i sommar.

Det har møtt frå 5 til 11 personar på treningane. Totalt har 24 spelarar vore innom, i alderen 14-49 år. Dette gir eit snitt på ca 7 spelarar pr trening, noko me er godt nøgde med. Nokre spelarar er relativt nye, og andre meir rutinerte. Dette er treningar for alle som har lyst å spele, uansett evner. Det er ikkje noko treningsopplegg, men me startar med oppvarming før me deler i to lag og spelar mot kvarandre. Me prøver å rettleie og hjelpe kvarandre undervegs.

Me nådde målet vårt for 2015 med å stabilisere antal deltakarar og utvide sesongen litt. Målet for 2016 er å oppretthalde denne trenden. Me har framleis plass til fleire, så me oppfordrar alle som ynskjer å trimme saman med andre om å prøve volleyball! Me vil gjerne understreke at her er ingen for unge eller for gamle, møt opp og prøv – me har god plass!

Me takkar alle som har vore med for innsatsen i 2015, og ynskjer nye og gamle spelarar velkomne i 2016!

For volleyballgruppa

Lena Stai Bolstad

Årsmelding frå barneidrettsgruppa 2015

Barneidrettsgruppa i IL Fanaråk arrangerte sju samlingar hausten 2015. Tidspunktet for samlingane var tysdagar 17.30 – 18.30.

Barneidrettsgruppa var samla hjå leiaren ei kveldsstund på førehand for å «setja» programmet, og for å ringe til folk som kunne vere ansvarleg på samlingane. Nesten alle var positive og sa ja til å ta eit tak.

Fyrste kveld var 13. oktober. Då var det fellestur til Yttrismorki. Veka etter var det uteaktivitetar på leikesplassen i Moane på Skjolden. Dei neste fire tysdagskveldane var det Fjordstova som var arena for aktivitetane. I gymsalen var det ballspel og tumling, elles var det bading kvar gong for ei av gruppene.

I tillegg var det skyting ein gong og klatring to gonger. Ut frå deltakarlistene ser me at oppmøtet var mykje betre på inneaktivitetane i Fjordstova samanlikna med gåturane i byrjinga.

Eitt nytt innslag var det i år: Dei eldste fekk prøve seg på innebandy under kyndig leiing av Lindar Langebeck. Dette var ein veldig populær aktivitet, og me håpar at innebandy kan bli eit fast innslag i barneidretten.

Som vanleg vart barneidretten avslutta med grilling i Kruklaø.

I underkant av 40 born i alderen 0 – 12 år har delteke.

Borna vart inndelt såleis aldersmessig:

Gruppe 1: Born i barnehagealder saman med vaksne.

Gruppe 2: 1. – 4. klasse

Gruppe 3: 5. – 7. klasse.

Det er eit ynskje frå oss i barneidrettsgruppa at det vert arrangert sikringkurs for klatrevegg. Likeins vonar me det vert tilbod om livreddingskurs for dei som skal vera ansvarlege i bassenget.

Barneidrettsgruppa 2015 har vore:

Anne Helen Natvik (leiar)
Sonja Bjørnevåg
Lene Wiese
Trygve Lerum

ÅRSMELDING FOR FRISKIS 2015

Friskis har i 2015 hatt eit tilbod me har kalla torsdagstrim. Målet var å tilby variert fysisk trening, ei trening meint å skulle vera for personar i alle aldrar, jenter og gutar, og der ein sjølv bestemmer intensitet under treningane. For Friskis er det viktig at trimmen blir ei kjekk og positiv oppleving. Ideen har også vore å ha treningar både på Skjolden og i Fortun, i tillegg til at me vil ha treningar ute så lenge me tykkjer det høver.

I vår hadde me 15 treningar, 11 inne og 4 ute, med den siste 30.april. I vår var 30 stk. innom på ulike treningar, 16 vaksne, både kvinner og menn, og 14 stk. under 16. På det meste har me vore 11 på trening. Ei trening vart avlyst.

I haust hadde me lagt opp til 17 treningar, 8 ute og 9 inne. I haust var det dessverre mykje mindre oppmøte enn i vår. 17 stk. har vore innom trening, 9 vaksne og 8 barn av begge kjønn, flest tidleg på hausten. Etter haustferien har me vore 2-3 stk. på kvar trening. 5 treningar vart ikkje gjennomført/avlyst på grunn av ingen som møtte/liten interesse.

Når me har vore ute har me vore på ulike trimpostar, hatt intervalltrening, stasjonstrening, stjerneorientering og styrketrening. Inne har me hatt ballspel, trening i basseng, spinning, puls og styrke, stasjonstrening og anna saltrening.

Mona Kristin Bukve og Anne Marie Bolstad har stått for planlegging og gjennomføring av treningane, med unntak av dei gongene me har invitert inn andre instruktørar. I denne samanheng vil Friskis takke Wenche Weka, Jakob Øygard og Wilfred Pedersen for treningar.

Takk også til dei som har stilt opp på treningane! Trass i ein del utfordringar i haust i høve interesse og oppmøte, så prøver me på att med ny frisk i 2016, og me håpar at me får med oss både gamle og nye trimmarar.

For Friskis

Anne Marie Bolstad

Årsmelding klatregruppa 2015

I 2015 har klatregruppa vore veldig lite aktive.

Vi har ikkje arbeidd fram nokre nye klatrefelt, folka i klatregruppa er meir spreidd så det er få som bur i Fortun/Skjolden område for tida. Så dette gjere til at det blir mindre arbeid med klatringa. Og nokre er ikkje fult så aktive innan klatring som dei var før i tida.

I 2015 sikra vi også ungdommar frå sommarskiskulen som vi har gjort før om åra. Vi hadde også klatreaktivitet på Olsokmarknaden i Fortun.

Tor Håkon har pussa bort måse på steinen i Krukla i 2015, så steinen er no ganske bra for det.

Leiar klatregruppa

Arne Olav Skagen

ÅRSMELDING INNEBANDYGRUPPA 2015

I 2015 har vi trent hver tirsdag 19.00-20.30 på Fjordstova. Mai til September er det treningsfri.

Totalt antall som har vært innom: ca. 30.

Gjennomsnittlig oppmøte: Ca. 13

Innebandygruppa har fortsatt fokus på å være et breddetilbud. Har man begynt på u-skolen er man gammel nok til å være med. Hver høst mister vi ungdommer til videregående skole, men det fylles opp med 8. klassinger. I 2015 har vi hatt en økning i antall deltakere på treningene.

Siden antall medlemmer i gruppa er stabilt, og faktisk stigende har vi konkludert med at tilbudet i sin nåværende form forblir uforandret. Vi bruker treningstiden på spill og moro, og bryr oss ikkje mye om utvikling og systematisk trening.

I vår arrangerte vi overnattingstur til Bergen, med sosiale aktiviteter og treningskamp. Vi kjørte med 3 fulle biler. Totalt 14. stk var med.

Vi var på laserskyting, byvandring og Peppes Pizza på fredag. Laurdag spilte vi treningskamp mot damelaget til Djerv Innebandy. Der fikk vi så hatten passa, men artig var det uansett.

Turen var vellykket og innehadde læring og opplevelser som ikkje alle deltakerne hadde erfaring med frå før.

En stor takk til idrettslaget som var med å dekke utgiftene.

For Innebandygruppa

Lindar Langebeck

30.01.2016 11:45:55

I.L. Fanaråk
c/Jakob Øygard
Tlf.: 99042131 / 57686113

Resultat- og balanserapport

Periode 0 - 12

Årstall

2015

Dine kommentarer her
(Ctrl+E for å endre)

unimicro
økonomisystemer

RESULTAT

I.L. Fanaråk

2015

30.01.2016 11:45

Side 2 av 5

Administrator

Inntekter		2015	2014
3120	TILSKOT FRÅ NORGES IDR.FORBUND	-39 328,00	-15 206,00
3230	LUSTER KOMMUNE TILSKOT	-30 846,00	-35 363,00
3320	INNT.FANARÅK OPP.SOGNFJM.TRIM	-70 286,00	-81 455,00
3610	LOTTERI BINGO BASAR O.L.	-66 180,30	-43 154,80
3630	INNT. DUGNAD,BJØDNAPOSTEN O.L.	-18 750,00	-15 432,93
3750	GÅVER OG SPONSORAR MM	-232 367,00	-170 088,00
3920	MEDLEMSPENNGAR 2015	-29 350,00	-25 450,00
Sum Inntekter		-485 826,30	-385 149,73
Varekostnad		2015	2014
4200	STEMNEUTG. PREMIAR, MEDALJAR	229 275,46	192 769,75
4210	KJØP UTSTYR IDRETT OG IDR.ANL.	9 696,00	21 906,90
Sum Varekostnad		238 973,46	214 676,65
Lønnskostnad		2015	2014
5110	ADM.UTG.STYREUTG.KØYRING MM	62 270,19	38 334,33
5120	KONTING.ANNONSAR.GÅVER MM	80 464,74	58 187,50
Sum Lønnskostnad		142 734,93	94 521,83
Andre driftskostnader		2015	2014
7510	DRIFTSUTG.VEDLH.FORSIKR.MM	41 169,82	51 109,61
7800	AVSKRIVINGAR	17 500,00	19 734,00
Sum Andre driftskostnader		58 669,82	70 843,61
Finans		2015	2014
8010	RENTE, GEBYR, BONUS	1 272,14	2 503,06
Sum Finans		1 272,14	2 503,06
Sum RESULTAT		-44 175,95	-3 604,58
Ikke disponert		-44 175,95	

Foruten/Skjolden 31. des 2015/5. febr 2016

Jakob Dygaard - kasserar Anders Totkun-Leiar.
Ole Torun

RESULTAT

I.L. Fanarák


2015

30.01.2016 11:45

Side 3 av 5

Administrator

Driftsoverskudd: 44 175,95



BALANSE

I.L. Fanaråk

2015


30.01.2016 11:45

Side 4 av 5

Administrator


Anleggsmidler		2015	2014
1010	KONTANTAR	9,85	9,85
1030	BANKKTO.37852005808	109 708,18	74 158,99
1031	BANKKTO.37855011179	31 384,00	25 474,00
1033	BANKKTO.37851232959	16 771,50	16 758,50
1034	BANKKTO.37851249320	64 391,01	62 353,00
1035	COOP VEST 6044258512B	1 145,87	1 145,87
1036	Bankkto.37851279831		87,25
1037	BANKKTO.37851145428 Lagerbygg	165 905,75	16 787,78
1038	B.kto.37851240455 Sandvollyban	29 335,25	29 311,25
1100	SKIHYTTE RIINGANE	45 100,00	47 500,00
1101	SKI/SMØRJEBRASSE SKAGEN	3 000,00	3 000,00
1110	FOTBALLBANA SKJOLDEN	2 000,00	168 000,00
1113	BALLBINGAR FORTUN-SKJOLDEN	12 000,00	12 000,00
1114	Lagerbygg Skjolden	108 300,00	114 000,00
1116	Sandvollybane Skjolden	28 500,00	28 500,00
1201	JOHN DEERE PL TRAKTOR 2012	54 000,00	60 000,00
1204	Snescooter 2008	15 300,00	17 000,00
1205	HUSQVERNA GRASTR 99 MOD	250,00	250,00
1207	LØYPEPREPMASKIN NEDSKR 94	250,00	250,00
1250	TRIMROM FRISKIS UTST FJORDSTOV	32 300,00	34 000,00
1251	IDK TIMEMASKIN	250,00	250,00
1350	AKSJAR SOGNEFJELL SOMM.SKISENT	126 000,00	126 000,00
1361	A-AKSJAR SOGN SKISENTER	2 000,00	2 000,00
1362	AKSJAR FJORDSTOVA	50 000,00	50 000,00
1363	AKSJAR SKJOLDEN EIGEDOM	10 000,00	10 000,00
Sum Anleggsmidler		907 962,44	886 816,48
Varelager		2015	2014
1460	PREMIAR MEDALJAR MM LAGER	140 000,00	140 000,00
Sum Varelager		140 000,00	140 000,00
Kortsiktige fordringer		2015	2014
1570	ANNA UTESTÅANDE	-4 881,00	-17 589,00
1571	LU.SP.B.LAN 37857183798		-22 322,00
Sum Kortsiktige fordringer		-4 881,00	-39 911,00
Egenkapital		2015	2014
2041	FONDET TINDERITTET	-25 000,00	-25 000,00
2043	FONDET BARNEIDRETT	-1,00	-1,00
2050	ANNAN EGENKAPITAL	-626 373,54	-626 373,54
	Årets resultat, ikke disponert	-44 175,95	
Sum Egenkapital		-650 374,54	-650 374,54
Sum BALANSE		348 530,95	348 530,95

Eiendeler



- Anleggsmidler
- Kortsiktige fordringer
- Varelagre

Gjeld og Egenkapital



- Egenkapital

